

## INFORMASJON OG RUTINER i høve § 37 i barnehagelova

Barn med trong for tilrettelegging som går i barnehage skal motta eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande miljø, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn.

Dette inneber at kvart enkelt barn skal få eit tilpassa og likeverdig tilbud. Barn med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre barn ha høve til til å delta i barnehagen. Kommunen som barnehagemyndede si plikt til tilrettelegging gjeld tiltak som er nødvendig for at barnet skal få utbytte av barnehageplassen.

Tilrettelegginga er eit praktisk tiltak som skal sikra barn med nedsett funksjonsevne får eit tilpassa og likeverdig barnehagetilbod. Det vil sei tiltak som kan byggja ned funksjonshemmande barrierer og som fell utanfor barnehagen si tilretteleggingsplikt.

### §37 i barnehagelova:

*«Kommunen skal sikra at barn med nedsatt funksjonsevne får et eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. ...det skal særleg leggjast vekt på tilrettelegginga si effekt for å byggja ned funksjonshemmande barrierer, dei nødvendige kostnadene ved tilrettelegginga og virksamheten sine ressursar. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsatt funksjonsevne»*

*«Eksempel på tilrettelegging kan vera at kommunen sørger for at barnehagen har det nødvendige utstyret, støtte til bygningsmessige endringar, støtte til ekstra bemanning eller andre tiltak. ...»*

### Vedtaksmynde:

Kommunen som barnehagemyndede skal gjera ei konkret og individuell vurdering med grunngjeving, og fatta vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne etter barnehagelova § 37.

Alle innkomne meldingar om behov vert vurdert individuelt, skjønsmessig og i tråd med barnehagelova. Barnehagemyndede skal gjera ei heilskapsvurdering av behova til barnet og ta stilling til om barnet har nedsatt funksjonsevne i den aktuelle barnehagen.

I vurdering må kommunen på bakgrunn av innsende behov, ta stilling til, vurderer og grunngje:

1. Om barnet har nedsett funksjonsevne
2. I kva grad barnet kan hjelpast innanfor ordinært barnehagetilbod
3. I kva situasjonar treng barnet ekstra hjelp og tilrettelegging.

Askvoll kommune har ei plikt på seg til å sikra at meldinga er tilstrekkeleg opplyst og ved behov kan barnehagemyndede innhenta ytterlegare informasjon frå barnehagen og andre aktuelle instansar

Plikt til tilrettelegging omfattar ikkje tiltak som inneber ei uforholdsmessig byrde for kommunen. Dersom individuell tilrettelegging i den barnehagen der barnet går/skal ta til i vert ei uforholdsmessig byrde kan kommunen tilby barnet plass i ein annan barnehage.

## Rutiner for tilrettelegging i barnehage etter bhl § 37

- Dersom barnehagen meiner at eit barn har nedsett funksjonsevne, og har trong for tilrettelegging for å kunne gjera seg nytte av det ordinære barnehagetilbodet, må dei føresette informerast om rettane sine.
- Både barnehage og dei føresette kan saman, eller kvar for seg melde frå om behov for eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod til barnet.
- Barnehagen barnet går i melder frå til kommunen eller hjelper til og rettleiar dei føresette i prosessen.
- Om dei føresette melder frå, må kommunen innhente informasjon frå barnehagen.
- Eigne elektroniske meldeskjema skal nyttast, og relevant dokumentasjon bør liggja ved. Meldingsskjema finn ein på [www.askvoll.kommune.no](http://www.askvoll.kommune.no)
- Kommunen som barnehagemynde skal gjera ei konkret og individuell vurdering i kvart enkelt tilfelle, og fatta eit grunngeve enkeltvedtak i tråd med forvaltningslova. Vedtaket vert sendt til foreldra med kopi til barnehagen. Vedtaket gjeld for ein avgrensa periode.

Dersom tildelte tiltak/ressursar til tilrettelegging ikkje vert brukt i tråd med tildelinga kan dei blir krevd tilbake.

### Evaluering

Tilretteleggingen skal drøftast og evaluerast i foreldresamtale minimum to gonger pr år. Dette vert vanlegvis gjort i foreldresamtale på hausten og våren. Barnehagen skal dokumentere evalueringa, og avklare foreldra sitt syn i høve til framleis tilrettelegging. Utfallet av evalueringa på våren for komande barnehageår vil vanlegvis være 3 hovudalternativ:

- a) Betra funksjonsevne: Den helsemessige tilstanden er betra slik at det ikkje lenger er trong for tilrettelegging.
- b) Same funksjonsevne/inga endring
- c) Forverra/vesentleg endra: Her er grunnlaget for det første vedtaket endra. Det er trong for annen type tilrettelegging eller auka tilrettelegging

Dersom trongen til barnet er vesentleg endra eller vedtaket går ut i næraste framtid, skal barnehagen sende evaluering og foreldra sitt syn på framleis tilrettelegging til Oppvekstkontoret v/barnehagemynde i kommunen som då vil gjere ei ny vurdering og sakshandsaming.

### Klageadgang

Vedtaket om tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på. Ved ei eventuell klage skal det gå tydeleg fram kva det blir klagt på. Klagen skal vera underskriven og sendast: Askvoll kommune – Oppvekstkontoret, Boks 174, 6988 ASKVOLL innan 3 veker etter motteke vedtak. Dersom klagaren ikkje får medhald vertklagen sendt vidare til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Føresette har rett på veiledning og innsyn i alle dokument i saka, med mindre det er dokument i saka som i lov eller forskrift er unnateke innsyn frå partane jfr Forvaltningslova § 1.